



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: 30.04.2025 kl. 15:30-1645

Stad: Vilnes kyrkje

Før møtet var det synfaring på Vilnes kyrkje og kyrkjegard.

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Lillian Gjervik	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Vidar Kaland	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Arnt Johnny Langeland	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/19		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/20		Godkjenning av protokoll frå møte 23.03.2025	Rune Ziener
SR 2025/21		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/22		Innspel til kommuneplan, arealdelen. Parkering ved Vilnes kyrkje	Rune Ziener
SR 2025/23	UO	Tilsetting i PUU-stilling. Uttale.	Rune Ziener

Askvoll, den 30.04.2025

Rune Ziener
referent

SR 2025/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/20 Godkjenning av protokollen frå møte 26.03.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.03.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.03.2025.

SR 2025/21 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 11/2025	Vestland Revisjon: <i>Revisjonsmelding frå uavhengig revisor</i> (24.04.2025)
M 12/2025	Lydanlegget i Askvoll kyrkje (teleslynge)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2025/22 Innspel til kommuneplan, arealdelen. Parkering ved Vilnes kyrkje

UTGREIING


Det vert vist til tidlegare handsamingar i saker knytt til parkering ved Vilnes kyrkje.

Askvoll kommune har no arealdelen i kommuneplanen til revisjon.

Askvoll sokneråd bør spele inn i denne at det vert sett av eigna areal til parkeringsføremål ved kyrkja.

Frist for innspel er sett til **01. mai**.

Om ein utelet tidlegare området som har vore aktuelle, kan ein no peike konkret på innteikna areal i kartutsnittet nedanfor.



INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ber Askvoll kommune om å setje av eigna areal til parkeringsplass ved Vilnes kyrkje gjennom innspel til arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ber Askvoll kommune om å setje av eigna areal til parkeringsplass ved Vilnes kyrkje gjennom innspel til arbeidet med revisjon av kommuneplanen, med følgjande tekstleg innspel:

Askvoll sokneråd viser til tidlegare utgreiingar for parkeringsløysingar ved Vilnes kyrkje.

Vi ser det markerte arealet som eit godt alternativ, då det både vil vere estetisk tilfredsstillande m.o.t. inngrep i terrenget og praktisk for kyrkja sitt parkeringsbehov.

Soknet har vore i kontakt med grunneigar som stillar seg positiv til tiltaket.

SR 2025/23 Tilsetting i PUU-stilling. Uttale. (Ikkje offentleg)

UTGREIING

Det vert vist til tidlegare handsamingar i prosessen om tilsetting av prest under utdanning i Askvoll. Det er gjennomført intervju 29.april, der Wenche Ness Gabrielsen representerte Askvoll sokneråd.

Askvoll sokneråd skal ha høve til å gi uttale om kven som vert tilsett, før tilsetting finn stad, sjå kirkeordningen § 12, 4. ledd, jf. personalreglement for Den norske kyrkja: *§ 14. Uttalelse Ved tilsetting av menighetsprest har det eller de berørte menighetsråd anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne rådet ønsker tilsatt.*

Uttalegrunnlag vil verte lagt fram i møtet.

INNSTILLING

Ingen

VEDTAK

Ikkje offentleg, jf. Offentleglova § 25